

# Skjema 34D Eigedomsforvaltning – areal på utvalde fylkeskommunale formålsbygg (FKF)

## Formålet med skjemaet

Formålet med skjema 34 er å skaffe data om arealet på fylkeskommunale formålsbygg. I kontoplanen for KOSTRA blei det frå og med 2008 skilt ut informasjon om forvaltning, drift og vedlikehald (FDV). På denne måten vil det kunne presenterast nøkkeltall der til dømes fylkeskommunanes utgifter/inntekter til FDV finns i teljaren og bruttoarealet i nemnaren.

## Rettleiing

Fylkeskommunale føretak (FKF) skal føre opp samla bruttoareal på dei aktuelle funksjonane i skjemaet. FKF skal rapportere både eigde og leigde formålsbygg. Bruttoareal ein rapporterer på funksjonane i skjemaet skal korrespondere med utgiftene og inntektene som er ført på kvar av funksjonane i rekneskapen. Fylkeskommunale føretak skal rapportere areal for bygninger dei har ført opp i balansen i skjema 34D. For dei bygningane FKF leiger skal art 190 "Leie av lokaler og grunn" korrespondere med areal ein rapporterer i skjema for disse bygningane. Er lokala nytta av forskjellige funksjonar, skal arealet fordeles.

Dei bruttoareal ein skal rapportera er:

F430 Administrasjonslokaler  
F510 Skolelokaler og internater

Lokale knytt til andre funksjonar skal ikkje rapporteras. Dersom det fylkeskommunale foretaket du rapporterer for ikkje eig eller leiger areal knytt til funksjonane lista opp kan ein sende inn skjema tomt slik at SSB ikkje treng å purre unødvendig.

Det er svært viktig at det er samsvar mellom utgifter og inntekter for dei funksjonane ein finn definert i «kontoplanveilederen» i KOSTRA og det areal ein rapporterer på dei same funksjonane i dette skjemaet. Dersom utgiftene og inntektene ikkje står i samsvar med arealet vil fylkeskommunens nøkkeltal bli misvisande.

## Definisjon av bruttoareal (BTA) i NS 3940:

*"Bruttoarealet for en bygning er summen av bruttoarealene for alle plan. Bruttoarealet for hvert plan beregnes utvendig av omsluttende bygningsdelar i gulvhøyde og inkluderer utside utvendig kledning."*

## Regler for å måle bruttoareal

Bruttoarealet finn ein ved å måle yttersida på ytterveggen. Alle plan er måleverdig same kvar dei ligg i bygget, så lenge dei har ei etasjehøgde større enn 1,90 m. Innhukk og/eller framspring av konstruksjonsmessig eller estetisk art reknas ikkje med i arealet.

Bruttoarealet fastsetjast separat for kvart plan og blir målt i gulvhøgde. Nødvendige opningar i etasjeskilje for trapp, heiser, sjakter og liknande reknas med i arealet for kvar etasje.